

DEBATT



DEBATTREDAKTOR ANNE EKORNHOLMEN
Telefon 02318 | E-post debatt@h-a.no

SI DIN MENING

HA trykker ikke anonyme innlegg. Vi forbeholder oss retten til å velge hva som skal på trykk og til å forkorte innlegg. Hovedinnlegg kan ha maks 3500 tegn med mellomrom, lange innlegg 2100 tegn, korte innlegg 900 tegn. Skriv kort! Send til debatt@h-a.no eller bruk SMS med kodeord HAMening til 2097. Det koster kr 5 per melding.

HA har rett til å publisere innleggene i elektroniske kanaler og rett til å arkivere publiserte innlegg i elektronisk arkiv, samt eventuelle salgsrettigheter til dette materialet.

MANDAG

Sigrun Farstad
Gregori:
En hyllest til alle
fotballpappaer

SIDE 36

Morten Stensberg:
Derfor slutter
jeg som prest

200 år: Akkurat som med den «ekte» Messias, må ein på den eine eller andre måten ta stilling til Ivar Aasens «lære», skriv Jens Haugan.

Ivar Aasen – språkets messias

MENINGER

Jens Haugan




Eg skal prøve meg på ei samanlikning som nok ikkje vil falle alle like lett for brystet. Kan ein bruke omgrepet messias om Ivar Aasen?

Dei kristne har som regel berre ein messias, og uansett kva dei som ikkje kallar seg kristne, måtte meine, er kristendommen ein del av den norske kultur- og samsfunnshistoria. Men kristendommen har prega nokre landsdelar meir enn andre.

Ivar Aasen skreiv i 1836: «Det herskede nemlig paa den Tid i vore Bygder en mærkværdig religiøs Begeistring eller Helighedsaand (om jeg saa maa udtrykke mig)». Aasen sjølv sakna opplysning og «mere Taalsomhed imot anderledes Tænkende», men mykje av det Ivar Aasen las i sine unge år, var faktisk religiøs litteratur. «Saalenge min Fader levede, havde jeg nogenlunde Leilighed til min Yndlingsformøielse, næmlig at læse; men vort Bogforraad var, som man kan slutte, saare lidet, og bestod blot af omtrent et halvt Snees gamle Andagtsbøger. Imidlertid eiede vi dog til alt Lykke en Bibel, der for mig var det dyrebareste af Alt, hvad jeg kjendte, da jeg af den kunde faa vide saameget Mærkeligt.»

Dette er interessant på fleire måtar. For det første ser vi ein gut som er svært glad i å lese; for det andre er det ein gut som svært tidleg får stor kunnskap om den kristne læra. «I saadan Tid havde jeg Andledning til at læse



NYNORSK: En halv million nordmenn, eller 11 prosent av befolkningen, skriver nynorsk 100 år etter Ivar Aasens død. NTB-ARKIVFOTO

de fleste af Hans Hauges Bøger, og lignende, hvilket var vel nok, men jeg slap heller ikke til med noget andet.» Dette kan kanskje forklare korfor Ivar Aasen blei meir og meir kunnskapstørst etter kvart og blant anna lærte seg mange språk og mykje anna

gjennom sjølvstudium når han endeleg fekk høve. Aasen kunne lett blitt planteforskar i staden for språkforskar.

Ivar Aasen var veldig klar over at han låg etter i utviklinga av den intellektuelle kunnskapen sam-

anlikna med jamgamle som tidleg hadde tilgang til utdanning. Andre kjende «språkfolk» frå historia, som t.d. Henrik Wergeland (1808), P. A. Munch (1810) og Knud Knudsen (1812), har hatt det mykje lettare. Kan hende var tanken på den enkle snikkarso-

nen i Bibelen både ei trøyst og ei legitimering av det som følgde? Ivar Aasen var ein svært beskjeden mann, og han understreka alltid at han kom frå ein gard, og at det var der han eigentleg høyrde heime – sjølv om han aldri flytta tilbake.

Ivar Aasen følte nok at han hadde eit kall. Han ville frelse Noreg med trua på eit norsk språk. Det var dette kallet og trua som gjorde at han klarte å gjennomføre dei mange og lange reisene til fots. Mange nynorsknotstandarar er misnøgde med arbeidet til Aasen, men dei tenkjer neppe på kor mykje han gjorde og ofra for å gje Noreg eit eige språk. Ivar Aasen reiste meir enn 400 mil – ikkje for å skape ei dialekt eller eit særprispråk, men for å skape eit nasjonalt språk – eit språk for alle.

Aasen forde folkespråket ut av ørkenen og heim igjen. Det var dei som hylla landsmålet; og det var dei som var imot det. Kor mange gonger har ein ikkje prøvd å «korsfeste» nynorsken er Ivar Aasen nok ein språkets dei siste hundre åra? For nokon er Ivar Aasen nok ein språkets messias. Kanskje han inst inne tenkte dette om seg sjølv. Andre vil truleg velje å sjå på Aasen som det motsette. Ivar Aasen er i alle fall eit hatobjekt mange klarer å samle seg om.

Uansett, akkurat som med den «ekte» Messias, må ein på den eine eller andre måten ta stilling til Ivar Aasens «lære», om ein vil eller ikkje. 5. august er 200-årsdagen til Ivar Aasen. Det er ingenting religiøst over dette, men det er ein god grunn til å feire og ære ein av pionerane i den nyare norske språkhistoria. Ivar Aasen var nok ingen messias, men profet, det var han.